

EIDESONGEN

Frå Tussar og mot Bollifjell,
frå Nås og ut mot Vevangstrender.
Der blånar eidebygd og grender,
vår heim, vår bygd så høgt vi held.
Sjå blanke vatn himlar speglar,
på Kornstadfjorden båtar seglar,
og dyrka jord i soltid lun
ber mange foll kring heim og tun.

Med høge topp i stormversbur
står Melen rak mot Sannessfjella,
og Visnes fjell og Tussar tjelda med snø. -
Å nei, for stor natur!
Og vent det er der skogar svagar,
der byljør blå på fjorden jagar,
og fagre ligg dei bø ved bø
her mellom fjellgard skog og sjø.

No vil vi odla alt her er,
båd fjell og sjø,
og jorda kallar på arbeidsfolk
i kvar sin alder
som heimen og si bygd har kjær.
I heimleg strev, i båt med ploget,
og dyrka jord og odla skogen,
med rammkvast stål i marmorbrått,
vi har vårt slit og arbeid fått.

Med hugheil lengt mot fagerdom,
i fredsæl dåd,
i trufast yrke finn folket veg
mot ljus og styrke,
og sæle samklang, hjarterom.
Det fagrast er der heimar fredast,
der lag og lyder saman gledast,
og rike kjenslor byggjer bru
høgt over strid i von og tru.

Så er du heimbygd sanningstolk
for trufast mål og unge voner,
for livsens lengt og gledestoner,
for framtidssyn at alt ditt folk.
Og hjarteband som her oss binder
til heim og folk og ljose minner.
Alt ynskjer vi til framgong vigd
kvar heim, kvar grend i eidebygd.

Forfatter: Martin O. Bolli

Komponist: Ingvald Langnes

Renskrevet av Jonny Lyngstad 3. desember 2006